



Hordaland fylkeskommune Samferdselsavdelinga  
Pb 7900  
5020 BERGEN

**Vår ref.**  
16/83-133/N - 000/KAWV

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
10.04.2017

## **Høyringsuttale frå Kvam herad til Regional transportplan- Hordaland 2018-2029. Ref.2015/10633**

Kvam formannskap har i sitt møte 04.04.2017 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale:

Pkt. 1.

Kvam herad ser på regional transportplan som ein viktig plan for den regionale utviklinga i Kvam, Hardanger og Hordaland. Dette må komma fram i hovudmålet med planen. Slik hovudmålet vert lagt fram, er det for mykje merksemrd rundt «transport», og for lite merksemrd rundt «regional utvikling». Kvam herad har følgjande forslag til målsetjing;  
«Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som fremmar regional utvikling, som ivaretak mobilitetsbehov og bidreg til omstillinga til lågutsleppssamfunnet.»

Pkt. 2.

For Kvam herad er det viktig at regional transportplan legg opp til at sentrale delar av kommunen kjem innanfor 45 min i frå bu- og arbeidsmarknaden i Bergen.

Med den veksten som er venta for Bergensområdet vil det verta mangel på areal der. Kvam herad har nok areal og eit regionsenter med god struktur og stort utviklingspotensiale.

Nøkkelen til suksess ligg i å realisera Hardangertunnelen. Med den på plass vil avstanden til Bergens-regionen vera innanfor normal pendlaravstand og Kvamskogen som sperre vil vera eliminert, samtidig som kvaliteten på Kvamskogen som rekreasjonsområde vil auka. Dette vil verta "Porten til Hardanger". Tunnelen vil flytta heile Hardanger 8 km og 400 høgdemeter nærmare Bergens-regionen. I tillegg vil tunnelen styrkja grunnlaget til Jondalstunnelen og gjera vegen til ein viktig veg aust - vest alternativ for Bergen.

*At vegen til Bergen er trygg er eit sentralt mål for å oppnå vekst og utvikling i vår kommune. Kvam herad er glad for at arbeidet med kommunedelplan for Fv-7 for Tokagelelet, tek opp i seg alternative løysingar med rassikring i Tokagelelet, samstundes som lang tunnel under Kvamskogen, jf.*

*Hardangertunnel er eit av alternativa som skal utgreia. Kvam herad ber om at dette også vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med regional transportplan.*

Pkt 3.

Avgjerda om at både Hardangervidda og Hemsedal skal dela på aust-vest trafikken med Haukeli betyr at Bergen i svært lang tid berre har eit alternativ mot aust, E16 mot Voss. Dette vil vera ein flaskehals lenge. Kvam herad ber om at Fv- 7 som ein del av det overordna fylkesvegnettet, og omkjøringsveg for E16, vert oppgradert til å ta i mot trafikken i frå E-16 når den er stengt, og at det samstundes vert gjennomført ein grundig gjennomgang av behovsliste for rassikring, jf. pkt 5.1 i handlingsplanen.

Pkt. 4.

Kvam herad ber også om at Fv- 48 og Fv -49 vert tatt inn under arbeidet med behovslister, jf. pkt 5.1 i handlingsprogrammet. Kvam herad meiner det er særskilt viktig at Mundheim- Oma vert prioritert på strekninga.

Pkt. 5.

Kvam herad er positive til at det vert satsa på regionsenter, der trafikale knutepunkt, er eit viktig satsingsområde i regionsentra. Det trafikale knutepunktet i Norheimsund, omhandlar kollektivtransport både på vegen og på sjøen. Knutepunktet er viktig både for dei som brukar bussen kvar dag, og for reiselivet. I dag er knutepunktet utan toalett og det er planlagt nye vidaregåande skule midt i Norheimsund sentrum. Kvam herad ber om at Norheimsund vert tatt inn under kapittel 5, jf. punkt 5.6, kapittel 6, jf. punkt og kapittel 8, jf. punkt 8.1. – 8.3, og at det vert sett i gang planlegging eit framtidig knutepunkt, som involverer kollektivtransport, reiselivet, vidaregåande skule og gang/sykkelvegløysingar inn i mot knutepunktet.

Pkt. 6

Kvam herad ber også om at gang- og sykkelvegløysingar vert sett på dagsorden i Øystese og Ålvik. I Øystese burde prinsippa i punkt 5.3 om trygge skulevegar og prinsippa i punkt 8.2 om gang og sykkelvegtiltak i sentrum, også takast med i planen. Tiltaka er prioritert i Kvam herad sin trafikksikringsplan.

På strekkja frå Vikedal til Ålvik manglar det i dag gang og sykkelveg. Kvam herad ber om at den strekkja vert vurdert under pkt 5.2.-«etablera eit program for trygg skuleveg». Tiltaket er prioritert i Kvam herad sin trafikksikringsplan.

Pkt. 7.

Kvam herad ber om at «enklare standard på gang og sykkelvegnett», vert tatt inn som eit eige punkt i handlingsprogrammet, jf. kap. 5. Gang og sykkelveg på Kvamskogen vil vera eit viktig prosjekt i eit slik handlingsprogram.

Pkt. 8.

Kvam herad ser det som svært positivt at Kvammapakken vert videreført i regional transportplan.

---

Helsing

**Kari Weltzien Vik**  
Administrativ rådgjevar  
Telefon: 56553022

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

**Mottakarliste:**

Hordaland	Pb 7900	5020	BERGEN
Fylkeskommune			
Hordaland	Pb 7900	5020	BERGEN
fylkeskommune			
Samferdselsavdelinga			